



Prop. 60 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Investeringar i Forsvaret og andre saker

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 29. mars 2019,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Føremålet med denne proposisjonen er å be om Stortinget si godkjenning til å starte opp åtte nye investeringsprosjekt, og å orientere Stortinget om nokre andre saker.

Utgangspunktet for godkjenning av investeringsprosjekta i Forsvaret er dei årlege budsjettproposisjonane (Prop. 1 S). Denne proposisjonen fyller såleis ut budsjettproposisjonen.

Dei nye investeringsprosjekta som proposisjonen omtalar, er alle i samsvar med inneverande langtidsplan for Forsvaret som Stortinget godkjende gjennom handsaminga av Innst. 62 S (2016–2017) til Prop. 151 (2015–2016).

Proposisjonen har følgande innhald:

- Godkjenning av kostnadsramme for eit nytt felles materiell- og egedoms-, bygge- og anleggsprosjekt: Sensorar for militær luftromsovervaking.
- Godkjenning av kostnadsramme for eit nytt materiellprosjekt: Modernisering av kryptoløysingar.
- Godkjenning av kostnadsramme for seks nye egedoms-, bygge- og anleggsprosjekt: Evenes – fasilitetar for maritime patruljefly, Evenes – fasilitetar for NATO sin kampflyberedskap, Haakonssvern – tilrådd vedlikehaldsløysing og etablering av vedlikehaldsfasilitet for nye ubåtar med tilhøyrande kaianlegg, Haakonssvern – oppgradere utrustingskai, Ørland – tilpassing

av Hårberg skole og nytt idrettsbygg, Ørland – forsyningsbygg.

- Andre saker: Kostnadsbilete for kampflybase Ørland, terminering av prosjekt for ombygging av mannskapsforlegningar på Setermoen til forlegning for befal og verva, vidareutvikling av cyberdomenet i militære operasjonar, og norsk medlemskap i *Cooperative Cyber Defence Center of Excellence*.

2 Nytt felles materiell- og egedoms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning

2.1 Prosjekt 2078 Sensorar for militær luftromsovervaking

Hensikta med investeringar i nye sensorar er å kunne oppretthalde evna til overvaking av norsk og nærliggande luftrom, gjennom å erstatte gamle sensorar med ei løysing tilpassa framtidige behov. Militær luftromsovervaking er, saman med luftvern og kampfly, vesentleg for å oppnå kontroll i luftrommet og ein føresetnad for å sikre fridom for egne og allierte land-, sjø- og luftstyrkar sine operasjonar. Den militære luftromsovervakinga inngår som ein del av NATO si strategiske luftovervaking.

Dei nye sensorane skal erstatte dei eldste luftovervaksingsradarane i Noreg. Arbeidet med å

finne erstatning starta allereie på 1990-talet, og var tenkt finansiert gjennom NATO sitt infrastrukturprogram. Då NATO ikkje lenger ville finansiere nasjonane sine sensorar, blei det i 2004 etablert eit nasjonalt prosjekt for stasjonære radarar og i 2005 eit prosjekt for mobil fleirbruksradar. Desse blei slått saman til Prosjekt 2078 i 2007. Det har blitt vurdert eit samarbeid med Sverige innafor ramma av det nordiske samarbeidet, men dette blei ikkje tilrådd mellom anna fordi Noreg sitt behov for erstatning kjem tidligare enn Sverige. Dei gamle radarane, som skal erstattast, er no så tilårskomne at evna til påliteleg luftromsovervaking er redusert. Det er viktig å få gjennomført anskaffinga på grunn av aukande vedlikehalds- og reparasjonsbehov.

Det blir fremma forslag om å anskaffe åtte nye radarar. Tre av desse skal plasserast same stad som dei radarane dei erstattar. Fem sensorar skal plasserast på nye stadar, dels på grunn av at det blir vurdert som viktig å ha særleg god sensordekning nokre nye stader og dels fordi trugslane i luftrommet teknisk sett har endra seg. I tillegg har radarane ei forsterka dekning kring nokre område der dette er viktig for forsvaret av landet.

To av dei nye radarane vil vere flyttbare, og kan nyttast for å forsterke overvakinga på stadar der det vurderast naudsynt.

Dei tre radarstasjonane som i dag har Sindre II-radarsystem skal vidareførast utan anskaffing i dette prosjektet. Desse radarane vil vere modne for utskifting etter at dette prosjektet er ferdig. Det vil difor bli forhandla inn ein opsjon i materiellkontrakta, som kan utløysast i eit mogleg etterfølgande prosjekt viss ein om nokre år finn det formålstenleg å erstatte Sindre II-radarane med same type radarar.

Dei åtte eksisterande radarstasjonane, som blir erstatta, vil bli lagde ned og avhenda, så snart nye radarstasjonar er operative. På ein av stadane vil eksisterande eigeidom, bygg og anlegg (EBA) bli nytta, men med ei vesentleg fornying.

Prosjektet vil innehalde både ei materiellanskaffing og ei tilhøyrande EBA-åtgjerd. Radarane skal plasserast i faste bygg med ein radar-kuppel for å beskytte mot ver og vind. Det må også førast infrastruktur (til dømes veg, kraft og IKT) fram til radarstasjonane for bygging og vedlikehald. Det skal i tillegg etablerast tre regionale senter for vedlikehald i landet. Desse vil ligge saman med anna militær aktivitet på Rygge, Ørlandet og Sørreisa, men vil krevje nokre mindre byggeprosjekt. Sidan radarane vil vere på vanskeleg tilgjengelege fjelltoppar og vedlikehaldet skal baserast på ein regional struktur, treng

ein garasjar for terrenggåande køyretøy ved foten av nokre av fjella og ly for køyretøy på verutsette toppar.

Bygginga av radarstasjonane vil tillate alminneleg ferdsel i naturen kring stasjonane.

Prosjektet har gjennomgått ekstern kvalitetssikring, KS2, i samsvar med retningslinene frå Finansdepartementet. Rapporten peika på nokre veikskapar i dokumentasjonen til prosjektet. Desse er løyst gjennom ei tilleggsutgreiing og ei ny berekning av kostnadar og avsetjing for uvisse. I tilleggsutgreiinga blei det avdekkja at kostnadar for etablering av regionale vedlikehaldssenter ikkje var tatt med. Desse er no inkludert for at åtgjerda skal gi ein komplett operativ løysing. Den nye kostnadsramma ligg 165 mill. kroner høgare enn tilrådinga frå ekstern kvalitetssikrar. Kostnaden for vedlikehaldssentera utgjer hovedandelen av endringa.

I samband med anskaffinga av radarane vil det bli stilt krav om at det blir inngått ein avtale om forsvarsindustrielt samarbeid med leverandøren før kontrakten blir signert.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet, for materiell- og EBA-prosjektet er samla 8 140 mill. kroner medrekna meirverdiavgift, ei avsetjing for uvisse, og gjennomføringskostnadar. Styringsramma utgjer 6 744 mill. kroner, medrekna meirverdiavgift og gjennomføringskostnadar. Prosjektet si kostnads- og styringsramme er prisjustert til kostnadsnivå pr. 1. juli 2019.

3 Nytt materiellprosjekt for godkjenning

3.1 Prosjekt 8164 Modernisering av kryptoløysingar

Behovet for kryptografi har bakgrunn i at Forsvaret må verne informasjon som blir utveksla. Informasjon må kunne delast med ulike einingar og samarbeidspartnarar nasjonalt og internasjonalt, i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande operative behova. Ved å bruke kryptografi sørger ein for at informasjonen blir gjort utilgjengeleg for alle andre enn dei rette mottakarane (konfidensialitet), visse om at informasjonen er ekte og ikkje har blitt endra på (integritet) og at ein veit kor informasjonen oppstod, kva endringar som har blitt til undervegs til mottakar og av kven (autentisitet).

Utviklinga tilseier at eit moderne nettverksbasert forsvar vil vere meir og meir avhengig av kryptomekanismar. Det er ikkje lenger mogleg å

føresette at ein har kontroll på alle aktørar i eit nettverk. I eit slikt forsvar er det avgjerande at kjelda til informasjonen er truverdig og at integriteten er varetatt. Til dømes må ein avgjerdstakar vere viss på at informasjonen som blir tatt imot er korrekt. På same måte må eit våpensystem vere trygg på at målinformasjonen ikkje er endra av uvedkomande. Vidare vil utbreiing av ubemanna plattformer auke i tida framover. Desse systema vil ha tilsvarende krav til integritet og tryggleik for at dei skal kunne nyttast effektivt. Kryptografi er difor ein føresetnad for å oppnå sikker og effektiv informasjonsutveksling i eit moderne forsvar.

Samanlikna med andre IKT-kapasitetar har kryptokapasitetar lang utviklingstid, lang brukstid og lang tid for ettervern. Forsvaret har i dag ein forholdsvis moderne kapasitet innanfor kryptografi for datanettverk, basert på system utvikla av norsk industri. Denne kapasiteten har vist seg å vere ei driftssikker og robust løysing, som også er eksportert til NATO og allierte land. Utstyret har blitt nytta i det stasjonære nettet sidan 2001, medan siste generasjon berbare kryptoløysingar har blitt fasa inn hos mobile styrkar dei siste fem til ti åra. Kryptoinfrastrukturen ein har i dag vil likevel snart nå si planlagde levetid. Noverande kryptoinfrastruktur tilfredsstiller ikkje nye krav til kapasitet, verksemd, interoperabilitet og kvante-resistens. Mellom anna er det meir og meir sannsynleg at kvantedatamaskiner blir realisert i løpet av dei neste fem til ti åra, og dette fører til at det blir stilt krav om utvikling av kvanteresistente kryptoalgoritmar.

Prosjekt 8164 Modernisering av kryptoløysingar skal skaffe eit høggradert og låggradert kryptosystem som kan nyttast på stasjonært, utplasserbart og mobilt nivå i Forsvaret og andre delar av forsvarssektoren. Løysingane som blir tekne fram vil også vere relevante for totalforsvaret, og dei bør også kunne vere mogleg å eksportere til våre allierte land.

Noreg ønsker å ha nasjonal kontroll og nasjonal kompetanse på kryptoteknologi. Innkjøpet av høggraderte kryptoløysingar vil difor bli gjennomført som ei direkteanskaffing hos ein norsk industripartner i tråd med Anskaffelsesreglement for Forsvaret. For låggraderte kryptoløysingar vil det bli sendt ut ei oppmoding om informasjon til relevant norsk industri.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 660 mill. kroner medrekna meirverdiavgift, ei avsetting for uvisse og gjennomføringskostnader. Styringsramma for prosjektet utgjer 613 mill. kroner, medrekna meirverdiavgift og gjennomføringskostnader.

4 Nye eige-doms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning

4.1 Evenes flystasjon

4.1.1 Evenes flystasjon – eige-doms-, bygge- og anleggsprosjekt

Stortinget vedtok gjennom handsaminga av Innst. 388 S (2011–2012) til Prop. 73 S (2011–2012) å etablere Evenes flystasjon som framskoten operasjonsbase for dei nye kampflya til Forsvaret og NATO sin kampflyberedskap (*Quick Reaction Alert* – QRA). Stortinget vedtok seinare gjennom handsaminga av Innst. 62 S (2016–2017) til Prop. 151 S (2015–2016) at Evenes flystasjon i tillegg skal vere base for Forsvaret sine maritime patruljefly (MPA), verna av langtrekkande luftvern og baseforsvar. Som oppfølging av Stortinget sitt vedtak har Forsvarsdepartementet gjennomført ei konseptvalutgreiing for etablering og lokalisering av dei vedtatte kapasitetane på Evenes flystasjon. Utgreiinga har blitt underlagt ekstern kvalitetssikring (KS1) i samsvar med retningslinene for store statlege investeringar. Forsvarsdepartementet legg i denne proposisjonen fram prosjekta for etablering av fasilitetar til dei nye maritime patruljefly (P-8A) og fasilitetar for både NATO og nasjonal kampflyberedskap. Fasilitetane skal kunne understøtte daglege flyoperasjonar med F-35 og P-8A ut frå Evenes flystasjon. Prosjektet for etablering av fasilitetar for MPA har, slik Stortinget blei orientert om gjennom Prop. 66 S (2017–2018), blitt underlagt ekstern kvalitetssikring (KS2) i samsvar med retningslinene for store statlege investeringar.

Det er satt i gang eit arbeid for å utvikle ein ny statleg reguleringsplan for Evenes flystasjon. Den nye reguleringsplanen er planlagt godkjend i Kommunal og moderniseringsdepartementet til sommaren/hausten 2019. Gjennom handsaminga av konsekvensutgreiingane til reguleringsplanen for Evenes flystasjon vil konsekvensane for ei plassering i nærleiken av eit våtmarkssystem med fem naturreservat bli vurdert. Området har internasjonale naturverdiar, og Noreg har peika det ut som såkalla Ramsarområde. Det gir ei forplikting til å ta vare på området si økologiske funksjon. Dette vil det takast omsyn til ved plassering av ulike funksjonar på området, val av tekniske løysingar m.m. I den vidare planprosessen for utbygginga vil det bli lagt vekt på naturverdiane i området, slik at påverknaden på desse blir minst mogleg innanfor kva som er mogleg ut frå også økonomiske

og forsvarsmessige omsyn. Når den statlege reguleringsplanen for Evenes flystasjon er godkjend, vil departementet også vurdere nærare merkostnadane for den sivile lufthavna som følge av Forsvaret si etablering på Evenes.

I samsvar med behova frå konseptvalutgreiinga for Evenes flystasjon finst det i dag ikkje tilfredsstillande velferds- og idrettsfasilitetar for dei vernepliktige mannskapa og sjukestove ved flystasjonen. Forsvarsdepartementet planlegg difor å legge fram ytterlegare eit investeringsprosjekt ved Evenes flystasjon for Stortinget til godkjenning hausten 2019 gjennom budsjettproposisjonen for budsjettåret 2020.

4.1.2 *Evenes flystasjon – fasilitetar for maritime patruljefly*

Eksisterande bygg og anlegg ved Evenes flystasjon er ikkje tilfredsstillande for operasjonar med dei nye maritime patruljefly P-8A. Dei nye fasilitetane skal kunne støtte, drifte og vedlikehalde inntil fem slike fly på dagleg basis.

Byggeprosjektet inneber etablering av ein hangar med plass for tre P-8A, der to plassar er knytte til vedlikehald og ein til vask av flya. Vidare inneheld prosjektet administrative fasilitetar både for flyskvadronen og vedlikehaldsskvadronen, ulike verkstadfasilitetar for P-8A, teknisk lager og verkstad- og lagerfasilitetar for bakkeutstyr og redningsutstyr. I tilknytning til desse fasilitetane skal det etablerast oppstillingsplassar for P-8A, plattform for lasting av ammunisjon og utandørs spyleanlegg for flya.

Fasilitetane vil bli lokaliserte på ein kompakt måte på vestsida av rullebana heilt sør på Evenes flystasjon. Det sikrar ei arealeffektiv løysing med god utnytting av dei naudsynte ressursane for drift av dei nye maritime patruljeflya. Kort avstand frå hangarane til verkstadane og administrasjonsfasilitetane gjer det mogleg med effektiv drift av P-8A. Dette vil gje ei trygg og effektiv handsaming av flya på bakken og sikre krava til operativ evne. I samsvar med dei vedtatte leveranseplanane for P-8A skal fasiliteten stå klar sommaren 2022.

Det er gjennomført ei ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet. Ekstern kvalitetssikrar konkluderer med at prosjektet i hovudsak kan vidareførast i samsvar med forprosjektet. Forsvarsdepartementet vil følge opp kvalitetssikrar si tilråding i den vidare styringa av prosjektet.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 1 800 mill. kroner medrekna innreiing, meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetning

for uvisse. Styringsramma for prosjektet er 1 570 mill. kroner, medrekna innreiing, meirverdiavgift og gjennomføringskostnadar. Prosjektet si kostnads- og styringsramme er basert på ekstern kvalitetssikrar si tilråding og prisjustert til kostnadsnivå pr. 1. juli 2019.

4.1.3 *Evenes flystasjon – fasilitetar for NATO sin kampflyberedskap*

Vedtaka i Stortinget om å etablere Evenes flystasjon som base for NATO sin kampflyberedskap (QRA) inneber investeringar i eigedom, bygg og anlegg. Investeringane er naudsynte for å kunne ivareta daglege flyoperasjonar med F-35 for trening, øving og gjennomføring av beredskapsoppdrag QRA. Prosjektet omfattar åtgjerder for å tilpasse og oppgradere fire av dei spredde kampflyhangarane som skal brukast til oppbevaring, klargjering og lettare vedlikehald av F-35 på QRA-beredskap. Vidare blir hangar H2 tilpassa for å kunne vareta vedlikehald av kampfly utover normal flyklargjering. Flyklargjering skal normalt gjennomførast i dei spredde hangarane. Hangar H2 kan også nyttast til utbetring av fly som ikkje kan fly tilbake til Ørland for eiga maskin. Denne hangaren vil få ei naudsynt oppgradering av straumforsyninga og ventilasjonsanlegget. I tillegg vil det leggest til rette for vask av kampflya i hangaren. Prosjektet vil dessutan omfatte bygging av eit vakt- og beredskapsbygg og fasilitetar for planlegging av operasjonar, trening og øving for NATO sin kampflyberedskap, med tilhøyrande rom for orienteringar. Vakt- og beredskapsbygget vil ha forlegning, høve for enkel forpleiing, operasjonsplanlegging og etterarbeid, samt tilstrekkeleg plass til beredskapstyrken for opptil ei veke om gongen. Som del av prosjektet vil det også bli bygd eit oppfangingsystem for kampfly på rullebanen.

Kort avstand mellom vakt- og beredskapsbygget, hangarane til kampflya og vedlikehaldsfasilitetane vil gi ei effektiv handtering av flya på bakken og sikre krava til operativ evne.

NATO sin kampflyberedskap blir flytta frå Bodø til Evenes 1. januar 2022. Fasilitetane må difor stå klar for trening og øving av NATO kampflyberedskap frå Evenes allereie sommaren 2021.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 219 mill. kroner medrekna gjennomføringskostnadar, innreiing, merverdiavgift og ei avsetning for uvisse. Styringsramma for prosjektet er 195 mill. kroner, medrekna innreiing, meirverdiavgift og gjennomføringskostnadar.

4.2 Haakonssvern – tilrådd vedlikehaldsløysing og etablering av vedlikehaldsfasilitet for nye ubåtar med tilhøyrande kaianlegg

I samsvar med Stortinget si handsaming av Innst. 62 S (2016–2017) til Prop. 151 S (2015–2016) skal Noreg skaffe fire nye ubåtar. Ved handsaminga av Innst. 381 S (2016–2017) til Prop. 123 S (2016–2017) godkjende Stortinget prosjekt for anskaffing av nye ubåtar med ei kostnadsramme på 41 370 mill. kroner (2017-kroner). I Prop. 123 S (2016–2017) orienterte regjeringa om at Noreg og Tyskland har inngått eit strategisk samarbeid om anskaffing og felles drift av nye ubåtar. Samarbeidet vil omfatte mellom anna utdanning, trening, vedlikehald, oppdateringar og oppgraderingar gjennom levetida. Vidare blei det orientert om at regjeringa planlegg å kome attende til Stortinget i 2019 med ei tilrådd løysing for vedlikehald av dei nye ubåtane. Dei nye ubåtane vil ha sin hovudbase på Haakonssvern orlogsstasjon, med ein framskoten base i Ramsund.

Noreg og Tyskland skal anskaffe identiske ubåtar og har som mål å ha ein ferdig forhandla kontrakt i løpet av 2019. Planlagt leveranse er frå 2026 til 2030. Det er naudsynt å få ei avgjerd om etablering av vedlikehaldsfasilitet, før kontrakten på nye ubåtar blir signert, slik at avtale om vedlikehald av dei tyske ubåtane i Noreg kan formaliserast.

Det er planlagt å gjenbruke mykje av dagens eigeidom, bygg og anlegg på begge basane for å dekke behov som følger av ubåtanskaffinga, men det vil også være naudsynt å gjennomføre viktige nyinvesteringar. Eksisterande anlegg for vedlikehald av ubåtar i Laksevåg er tilpassa dagens Ula-klassen. Dei nye ubåtane er større, både i lengde og bredde, og meir teknisk avanserte enn Ula-klassen. Anlegget i Laksevåg er bygd i perioden 1941–45 og let seg ikkje tilpasse dei nye ubåtane. Det er difor ikkje mogleg å vidareføre verksemda for ubåtvedlikehald der. Difor er det behov for å etablere ein ny vedlikehaldsfasilitet med tilhøyrande kaianlegg. Utgreiingar støttar at ny vedlikehaldsfasilitet bør lokaliserast inne på Sjøforsvaret si hovudbase, Haakonssvern. Forsvarsdepartementet planlegg å fase ut vedlikehaldsfasiliteten i Laksevåg når Ula-klassen ubåtar er fasa ut.

Den tilrådde løysinga for ubåtvedlikehald søker å oppnå høgast mogleg grad av teknisk tilgjenge av dei fire nye norske og to tyske ubåtane, til ein kostnadseffektiv pris. Vedlikehaldsløysinga omfattar ein moderne fasilitet tilpassa vedlikehaldsbehovet til dei nye ubåtane. Denne skal ha

ein tilstrekkeleg og fleksibel arbeidsstyrke med ein kjerne av ubåteksperter, som er støtta av lokal og internasjonal industri, og som gjer nytte av moderne prinsipp og metodar for vedlikehald.

Byggeprosjektet som blir lagt fram for Stortinget si godkjenning omfattar etablering av eit bygg med to vedlikehaldshallar med tilhøyrande verkstad og lager, eit administrasjonsbygg med kontor og møterom, eit kaianlegg og utomhusanlegg. Kaianlegget inkluderer skipsheis og kaihus for klargjering av ubåtane før tokt. Utomhusanlegga omfattar transportsystem for ubåtane og infrastruktur (vatn, avlaup og kraft etc.). I tillegg er naudsynt innreiing, inkludert IKT, for å understøtte bygga sin funksjon inkludert i prosjektet. Prosjektet er planlagt ferdigstilt i 2026.

Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring (KS2) av byggeprosjektet for etablering av ny vedlikehaldsfasilitet med tilhøyrande kaianlegg. Forsvarsdepartementet vil følge opp åtgjerdene ekstern kvalitetssikrar tilrår for å redusere uvissa i prosjektet.

Ekstern kvalitetssikrar har i tillegg gjort ei vurdering av det tilrådde vedlikehaldskonseptet for dei nye ubåtane. Den eksterne kvalitetssikringa støttar at vedlikehaldsløysinga som ligg føre, inkludert vedlikehaldsfasiliteten, er i tråd med det som er naudsynt for å understøtte dei nye norske og tyske ubåtane. Forsvarsdepartementet vil følge opp tilrådingane som er gitt av ekstern kvalitetssikrar i det vidare arbeidet.

For å dekke det totale behovet for EBA som følger av ubåtanskaffinga, vil det også være naudsynt å gjennomføre ytterlegare EBA-investeringar både på Haakonssvern og i Ramsund. I denne samanheng er det klargjort at mykje av den eksisterande bygningsmassen knytt til forsyning, utdanning og trening på Haakonssvern vil kunne nyttast vidare, men det vil vere behov for å gjennomføre naudsynte tilpassingar og oppgraderingar. For å vareta desse behova, er det planlagt gjennomført ytterlegare eit investeringsprosjekt på Haakonssvern. Dette prosjektet har ei foreløpig anslått planramme på 86 mill. kroner. Omfang og innretting av naudsynte tiltak i Ramsund for å støtte dei nye ubåtane på oppdrag i nordområda er ikkje endeleg klarlagt. Forsvarsdepartementet vil informere Stortinget om det totale kostnadsbiletet for EBA knytt til ubåtanskaffinga når dette er klart.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet for etablering av ny vedlikehaldsfasilitet med tilhøyrande kaianlegg på Haakonssvern er 3 300 mill. kroner medrekna gjennomføringskostnadar, innreiing, meirverdiavgift og ei avsetjing for uvisse. Styringsramma for prosjektet er 2 670 mill. kro-

ner, medrekna innreiing, meirverdiavgift og gjennomføringskostnadar. Prosjektet si kostnads- og styringsramme er basert på ekstern kvalitetssikrar si tilråding og prisjustert til kostnadsnivå pr. 1. juli 2019.

4.3 Haakonsvern – oppgradere utrustingskai

Utrustingskaia på Haakonsvern blei bygd i 1960. Kaia er 190 meter lang og inneheld også infrastruktur for kaianlegget. Basert på undersøkingar og analysar av tilstanden på anlegget, er det avdekka behov for å oppgradere kaia. Det er funne skadar i betongen som følgje av korrosjon på armeringa. Dette gjer det naudsynt å gjennomføre åtgjerder slik at tilstanden ikkje blir forverra og får konsekvensar for den vidare bruken av kaia. I tillegg er anlegget for straum frå land stengt grunna høve knytt til tryggleiken. Vidare er arrangementet på kaia for fending smuldra vekk. Ei oppgradert utrustingskai vil saman med hovedkaia sikre tilstrekkeleg kapasitet for djuphamn ved Haakonsvern. Oppgraderinga vil medverke til auka materiellmessig tryggleik og mindre miljøbelastning som følge av redusert bruk av hjelpemotorar for tilverking av elektrisk kraft om bord.

Prosjektet omfattar oppgradering av utrustingskaia og punktvis utdjupeing av sjøbotnen for å oppnå naudsynt djup for segling. Eksisterande omformarstasjon blir oppgradert og det blir etablert nytt omformaranlegg for landstraum. To nye kaihus med punkt for tilknytning til mellom anna vatn, avlaup og landstraum blir etablerte. Vidare blir det gjennomført naudsynte tiltak for tryggleik rundt kaia. Utrustingskaia er dimensjonert for anten fregattar eller KNM Maud, Sjøforsvaret sitt nye logistikkfartøy.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 228 mill. kroner medrekna gjennomføringskostnadar, meirverdiavgift og ei avsetting for uvisse. Styringsramma for prosjektet er 196 mill. kroner, medrekna meirverdiavgift og gjennomføringskostnadar.

4.4 Ørland – tilpassing av Hårberg skule og nytt idrettsbygg

Stortinget har gjennom handsaminga av Innst. 353 S (2015–2016) til Prop. 110 S (2015–2016) godkjent eit prosjekt for å kjøpe Hårberg skule frå Ørland kommune. Hårberg skule er innlemma i flystasjonen sin eigedomsmasse på Ørland.

Eksisterande velferdsbygg og idrettsbygg på Ørland flystasjon er i ei svært dårleg forfatning. Dette er funksjonar som treng nye og betre fasilitetar. Gode fasilitetar for velferd og idrett er viktige åtgjerder for å rekruttere og behalde personell ved Ørland flystasjon.

Kjøpet av Hårberg skule gjer det mogleg å samle velferds- og idrettsverksemda.

Prosjektet omfattar gjenbruk av bygningane ved gamle Hårberg skule og bygging av nytt idrettsbygg i tilknytning til denne. Velferdsbygget skal innehalde funksjonar som kantine, møterom, areal for prest og aktivitetar i forbindelse med religion og livssyn samt kontorfasilitetar. Idrettsbygget skal innehalde areal for hallidrett, styrketrening og trening av uthald. Det skal også vere våtrom, garderober, resepsjon og lager for utstyr. Prosjektet skal stå ferdig i 2021.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 274 mill. kroner medrekna gjennomføringskostnadar, innreiing, meirverdiavgift og ei avsetting for uvisse. Prosjektet si styringsramme er 243 mill. kroner, medrekna innreiing, meirverdiavgift og gjennomføringskostnadar.

4.5 Ørland – forsyningsbygg

Stortinget har, gjennom handsaminga av Innst. 338 (2011–2012) til Prop. 73 S (2011–2012) vedtatt at hovudbasen for Forsvaret sine nye kampfly skal etablerast ved Ørland flystasjon.

Anskaffinga av nye kampfly gjer at Ørland blir nasjonalt kraftsenter for Luftforsvaret. Dette inneber at også andre avdelingar i Luftforsvaret skal vere på Ørland. Eksisterande bygg og anlegg ved flystasjonen har i liten grad blitt fornya sidan etableringa av Ørland flystasjon på 1950-talet, og det er mellom anna naudsynt å bygge eit nytt forsyningsbygg, som samlar den totale forsyningsverksemda ved flystasjonen. Åtgjerda vil legge til rette for ei framtidretta effektiv logistikkteneste som støtter opp under den operative verksemda ved flystasjonen. Stortinget godkjente gjennom handsaminga av Innst. 353 S (2015–2016) til Prop. 110 S (2015–2016) etableringa av eit dedikert forsyningslager for F-35. Forsyningslageret til F-35 blei ferdig til bruk i 2017. Det nye forsyningsbygget vil bli etablert i forlenginga av det allereie ferdigbygde forsyningslageret til F-35, og skal mellom anna innehalde forsyningslager for intendatur, depoter og administrasjonslokale for den auka bemanninga ved flystasjonen.

Det nye forsyningsbygget skal stå ferdig i 2021.

Den tilrådde kostnadsramma, medrekna innreiing, meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetjing for uvisse er 225 mill. kroner. Prosjektet si styringsramme er 202 mill. kroner, medrekna innreiing, meirverdiavgift og gjennomføringskostnadar.

5 Andre saker til informasjon

5.1 Kostnadsbilete for kampflybase Ørland

Stortinget blei gjennom Prop. 113 S (2014–2015), Prop. 151 S (2015–2016) og Prop. 123 S (2016–2017) informert om kostnadsbilete for utviklinga av Ørland flystasjon som hovudbase for Forsvaret sine nye kampfly. Auka kostnadar for å gjennomføre støyreducerande åtgjerder på Ørlandet og etablering av ei ny beskytta hangarløysing for F-35 blei innarbeidde gjennom Stortinget si handsaming av Innst. 62 S (2016–2017) til Prop. 151 S (2015–2016). Den økonomiske ramma for baseløysinga er forklart i tabell 4.2 i Prop. 1 S (2018–2019). Forsvarsdepartementet har, i samråd med Finansdepartementet, sett i verk ein supplerande analyse til den allereie gjennomførte eksterne kvalitetssikringa (KS2) av prosjektet for støyreducerande åtgjerder utanfor baseområdet til Ørland flystasjon. Prosjektet blei godkjent av Stortinget gjennom handsaminga av Innst. 381 S (2016–2017) til Prop. 123 S (2016–2017). Hensikta er å kontrollere om føresetnadane for kostnadane held og eventuelt sette i verk årgjerder for å redusere attverande uvisse i prosjektet. Stortinget blei gjennom Prop. 123 S (2016–2017) informert om utviklinga av eit samla konsept for framtidig utvikling av Ørland flystasjon. Konseptet er til handsaming i Forsvarsdepartementet, og resultatet blir inkludert i arbeidet med ny langtidsplan for forsvarssektoren.

5.2 Terminering av prosjekt for ombygging av mannskapsforlegningar på Setermoen til forlegning for befal og verva

Stortinget blei gjennom Prop. 1 S (2018–2019) informert om at regjeringa vil komme attende til Stortinget dersom prosjektet ikkje skal gjennomførast. Då prosjektet blei sett i gang hausten 2016, var behova baserte på status på tilgjengelege forlegningar for befal og verva og framtidig behov på Setermoen. Som ein konsekvens av Landmaktproposisjonen (Prop. 2 S (2017–2018)) og innføringa av ny befalsordning, er behovet for EBA for perso-

nell i Indre Troms med stort sannsyn eit anna enn det som blei lagt til grunn ved vedtaket om igangsetting av prosjektet. Det vil ta tid å avklare det endelege behovet. Mannskapsforlegningane blir difor oppretthaldne inntil vidare for bruk i samband med alliert øving og trening. Prosjektet er terminert, og eit eventuelt framtidig behov for forlegningar for befal og verva vil bli vurdert som eit nytt prosjekt.

5.3 Vidareutvikling av cyberdomenet i militære operasjonar

Forsvarsdepartementet vil auke Forsvaret si evne til vern mot digitale trugslar og til å handtere cyberdomenet i militære operasjonar.

Eit robust og sterkt fagmiljø i Cyberforsvaret med omsyn til IKT-tryggleik, tryggleiksovervaking og handsaming av hendingar er ein viktig del av dette. IKT-verksemda i Forsvaret vil bli konsentrert til færre geografiske stadar, i takt med endringar i basestrukturen til Forsvaret og den teknologiske utviklinga innanfor IKT, og vil ha Jørstadmoen som framtidig hovudbase, i tråd med Innst. 388 S (2011–2012) til Prop. 73 S (2011–2012).

Leiinga i Cyberforsvaret, med stab- og støttefunksjonar blir redusert i omfang og samlast på Jørstadmoen. Vidare skal Cyberforsvaret i inneverande planperiode avvikla verksemd ved basar som blir lagde ned og samle øvrige delar av organisasjonen til færre stadar, med Jørstadmoen som hovudbase. Dei delane av IKT-verksemda i Forsvaret som kan samlast i eit geografisk plassert senter, samlast på Jørstadmoen. Samstundes vil Cyberforsvaret, mellom anna for å oppretthalde ein robust og tilgjengeleg informasjonsinfrastruktur for Forsvaret, naudsynleg måtte bli verande ein distribuert organisasjon også i tida framover. Det blir også etablert eit felles IKT-responsmiljø for forsvarssektoren (MilCERT), som ein del av moderniseringa av IKT-verksemda i forsvarssektoren. Dette responsmiljøet blir etablert i Cyberforsvaret. Cyberforsvaret sine tilsette er fordelt på om lag 50 tenestestadar. Dei fleste av årsverka er knytte til drift og vedlikehald av Forsvaret sin landsdekkande kommunikasjonsinfrastruktur bestående av fibernett, radiolinjesamband, radionett og satellittkommunikasjon.

I tillegg til å auke evna til forsvar mot digitale trugslar i heile krisespekteret, er det også naudsynt å vidareutvikle evna til å handtere cyberdomenet avgrensa til militære operasjonar. Som varsla i Prop 1 S (2017–2018) har Forsvarsdepartementet vurdert organiseringa av militære cyber-

kapasitetar for å handtere cyberdomenet i militære operasjonar, og fører vidare dagens organisering. Det er i vurderinga sett på utviklinga i andre land og i NATO. Cyberdomenet er i NATO definert som eit operasjonsdomene. Alliansen har berre defensive cyberkapasitetar under sin kommando, men har utvikla ein mekanisme for å legge til rette for frivillige suverene, nasjonale offensive cyberoperasjonar til støtte for NATO-operasjonar og -misjonar.

Evna til å gjennomføre offensive cyberoperasjonar er avhengig av svært god målforståing. Det blir oppnådd gjennom kommunikasjonsetterretning og samspel med ei rekke andre etterretningskapasitetar, og dessutan evne til å følge trugselutviklinga og den samla aktiviteten til trugselaktørane i det fysiske og det digitale domenet. Ansvar for å gjennomføre offensive cyberoperasjonar er difor lagt til Etterretningstenesta, som også har det overordna nasjonale ansvaret for nettverks- og andre etterretningsoperasjonar retta mot framande trugselaktørar. I militære operasjonar vil Etterretningstenesta koordinere aktiviteten med Forsvaret sitt operative hovudkvarter (FOH), og cyberoperasjonar vil vere underlagde politisk styring og kontroll på lik linje med øvrige operasjonar. Etterretningstenesta har ansvar for å koordinere mellom offensive og defensive cyberoperasjonar og Cyberforsvaret har ansvar for å gjennomføre defensive cyberoperasjonar. Det er berre Etterretningstenesta som har lovheimel for å innhente målinformasjon, som er ein integrert del av offensive cyberoperasjonar.

Etterretningstenesta innehar i dag dei funksjonane som er naudsynte for å utøve rollen som militær cyberkommando. Det er etter Forsvarsdepartementet si vurdering korkje naudsynt eller ønskeleg å opprette ein sjølvstendig cyberkommando utanfor Etterretningstenesta. Det ville mellom anna føresett oppretting av dupliserande kapasitetar, og resultere i eit uklart skilje mellom offensive cyberoperasjonar i og utanfor militære operasjonar. Ein cyberkommandofunksjon utanfor Etterretningstenesta vil for Noreg difor vere ei uheldig og kostbar løysing.

Forsvarsdepartementet vil vidareutvikle og styrke evna til å handtere cyberdomenet i militære operasjonar, basert på gjeldande ansvar og

organisering. Handtering inneber offensive og defensive åtgjerder på fleire nivå, og herunder også å avdekke og motverke hybride trugslar i cyberdomenet. Forsvarsdepartementet vil legge vekt på følgjande åtgjerder:

- Gjere tydeleg nasjonalt og overfor NATO at innslagspunktet i Noreg for militære cyberoperasjonar er sjefen for Etterretningstenesta, i kraft av å vere «*cyber commander*» for all aktørretta digital verksemd og ansvarleg for å koordinere mellom offensive og defensive cyberoperasjonar.
- Vidareutvikle Etterretningstenesta si evne i fred, krise og væpna konflikt til å følge, attribuere, varsle og aktivt motverke digitale trugslar for hendingar inntreffer.
- Klargjere at defensive cyberoperasjonar skil seg frå Etterretningstenesta sine oppgåver ved at det er ekstraordinære verne- og handteringsåtgjerder i eigne nett som har eit gjenopprettande tryggleiksføremål og ikkje har til føremål å innhente etterretningar eller påverke trugselaktørar.
- Styrke samarbeidet og koordineringa mellom relevante aktørar i planlegging og gjennomføring av militære cyberoperasjonar, med utgangspunkt i eit militært cyberoperasjons-senter i Etterretningstenesta.
- Vidareutvikle evna til å gjennomføre offensive cyberoperasjonar til støtte for taktiske operasjonar, herunder i internasjonale operasjonar.
- Utvikle kompetansen innan cyberoperasjonar i Forsvaret sine nivåhevande utdanningar, og styrke doktrine- og utviklingsarbeidet nasjonalt og i NATO.

5.4 Norsk medlemskap i Cooperative Cyber Defence Center of Excellence

Forsvarsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Utanriksdepartementet følger opp avgjerda om å søke medlemskap ved det NATO-akkrediterte *Cooperative Cyber Defence Center of Excellence*, som blei annonsert i 2017 og informert til Stortinget i Prop. 1 S (2018–2019). Det er planlagt ei markering av offisielt norsk medlemskap i 2019, og ein er i prosess med å tilsette ein norsk representant ved senteret.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om investeringar i Forsvaret og andre saker.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om investeringar i Forsvaret og andre saker i samsvar med eit
vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om investeringar i Forsvaret og andre saker

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2019 kan starte opp nye investeringsprosjekt, medrekna større eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt, omtala i kapittel 2 *Nytt felles materiell- og eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjen-*

ning, kapittel 3 *Nytt materiellprosjekt for godkjenning* og kapittel 4 *Nye eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning* i den framlagde proposisjonen, innanfor dei gjevne kostnadsrammene.



